

# Oppmannsrapport 2018

ENGELSK 0012

Belonging

Region 7 Sogn og Fjordane/Møre og Romsdal

Dag Rune Stedje

Fotograf Jannecke Jill Moursund



## Innhold

1.	Innleiing.....	2
2.	PAS/PGSD .....	2
3.	Eksamensmateriell .....	2
3.1	Eksamensrettleiring.....	3
3.2	Førebuingsdag .....	3
3.2	Førebuingsmateriell.....	3
	Tema.....	3
	Mengde.....	3
	Samansetjing .....	3
	Tekstutval .....	3
	Vanskegrad .....	3
3.3	Oppgåvene .....	4
3.4	Innspel.....	4
4.	Førehandssensur.....	5
5.	Regional skulering.....	5
6.	Fellessensur .....	5
7.	Generell tilbakemelding til Udir:.....	5

## 1. Innleiing

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane hadde i år ansvaret for organisering og gjennomføring av sentralt gitt skriftleg eksamen i engelsk ENG0012 for eksamensregionen 7, Sogn og Fjordane/Møre og Romsdal.

Følgjande personar blei oppnevnt til å sitje i oppmannsgruppa:

- Dag Rune Stedje (oppmann)
- Gunn Beate Skretting Thue (varaoppmann)
- Kathrine Kristiansen (assisterande oppmann)
- Vidar Halvorsen (assisterande oppmann)

Fylkesmannen v/Karstein Fardal leia gjennomføringa, og alt det organisatoriske gjekk problemfritt for oss oppmenn.

Oppmannsrapporten er skrive på grunnlag av:

- Innspel, kommentarar og samtalar under førehandssensuren i Oslo 29.mai
- Sensorskuleringsdagane 25. og 26.april
- Fellessensuren 19 og 20. juni

## 2.PAS/PGSD

Det meste gjekk utan problem. Greitt å legge inn karakterar og eventuelt kontakte skular ved behov. Litt problem på eksamensdagen då tekstar skulle lastast inn. Dette førde med seg at nokre elevvar måtte sendast via post. Nokre få kommenterte at plagiatkontrollen ikkje var heilt å stole på då det tydleg vart registrert prosentvis for lite plagiat på nokre få elevvar.

Sensorane var elles flinke til å føre karakterane etter kvart for å unngå problem ved eventuell sjukdom.

## 3.Eksamensmateriell

Eksamensmateriallet var som det bør vere. Interessante og informative tekstar i førebuingsheftet, fin utforming med både bilet og tekst. Oppgåver som er laga med bakgrunn i ulike kompetanseområd, slik at

elevane får vist mest mogleg kompetanse. Fint at tekstane er lest inn på lydfiler, sjølv om kvaliteten på desse ikkje var den beste. Mekanisk og syntetisk. Betre med autentisk lyd.

## 3.1 Eksamensrettleiinga

Dette er eit viktig dokument som dessverre ikkje alle skular er flinke til å distribuere tidleg nok til elevane. Denne skal delast ut og gjennomgåast straks den vert publisert av Udir. Spesielt viktig vert det neste år sidan det kan kome endringar på grunn av innføring av ny fagplan.

Innhald og struktur på rettleiinga er god. Ingen kommentar på eventuelle endringar som må gjerast.

Sensorane er nøgde med endringane som er gjort i matrisa, spesielt at formelle ferdigheiter vert trekt ut som eige punkt. Språket i matrisa vart diskutert. Her er det rom for forbeteringar på nokre få formuleringar, utan at me kunne einast om konkrete forslag.

Rettleiinga er forståeleg for elevane, men må gjennomgåast med dei. Dette gjeld spesielt matrisa, fordi språket her kan virke noko framandt.

## 3.2 Førebuingsdag

Førebuingsdagen vert betre nytta no enn før. Dette er ein obligatorisk skuledag. Kommentarane går på at elevane brukar denne dagen godt og har nytte av den. Mange kreative måtar på korleis ein kan organisere utan å undervise. Til dømes kan elevar i grupper ta føre seg enkelte tekstar i førebuingsheftet og undervise kvarandre. Læraren rettleiar og elevane er aktive.

## 3.2 Førebuingsmateriell

### Tema

Dette vart stort sett godt motteke av lærarar og elevar som har uttalt seg. **Belonging** er eit tema mange kan relatere seg til og som elevane ikkje synest var så vanskeleg. Også dei svake elevane sette pris på temaet. Eit ope tema som femner om mykje.

### Mengde

Føreseieleg og passeleg mengde. Ikkje meir enn at elevane kan førebu seg på ein dag. Ingen negative kommentarar på tekstmengda.

### Samansetjing

God miks mellom ulike teksttypar var tilbakemeldinga frå sensorane.

### Tekstutval

Gode tilbakemeldingar. Tekstutvalet viste god breidde og variasjon. Ein kommentar på at temaet i teksten «The Troubles» var litt ukjend for elevane. Ein litt gammal konflikt som elevane ikkje har noko forhold til.

### Vanskegrad

Dette vil nok elevane ha ulikt syn på, men ingen negative kommentarar frå sensorane. Variert. Svake elevar vil alltid ha vanskar med å kome gjennom stoffet, men lydfilene er til god hjelp.

### 3.3 Oppgåvane

God kopling mellom førebuingsdelen og oppgåvene. Viktig at bestillinga er klar og tydeleg, slik at elevane veit kva som vert forlanga. Uttale frå elevane var stort sett positive. Det var noko for alle, spesielt i langvarsoppgåvene. Elevane var budde på to kortvar og eit langvar. Sensorane var generelt nøgde, men syntest kanskje at svara i 1A blei noko like 2C. Talet på elevar som nyttar bilete og statistikkar og liknande har ikkje auka. Truleg kjem dette av at det ikkje vert øvd nok i klasserommet. Elevane må få trenre.

I år vart det opna for at elevane kunne få tilgang til nokre få kjelder på internett. Usikkert kor mange som har nyttet seg av dette, men snl.no var ei av nettstadene som vart mykje brukt. Dette er nytt for elevane, og også her må det øvast.

Oppgåve	Kommentar
1a	God oppgåve. Noko for alle. Klare bestillingar. Sensorane må forlange at elevane skriv om to døme frå førebuingsheftet. Nokre elevar vert generelle i 2. del, men formuleringa kan ikkje mistolkast; relevant to <b>you</b> . Elevane tolkar ulikt «Short answer». Greitt nok, sjølv om nokre svar er vel lange.
1b	Oppgåve som var venta. Ukjent tekst. Denne type oppgåve er godt likt av sensorane. Skil godt og måler viktige kompetansekrav. Håpar at ei slik form for oppgåve vert ført vidare. Kanskje krevjande for svake elevar som truleg brukte mykje tid på denne. Også mange gode svar der elevane fekk brukt kunnskapar, ikkje berre frå engelsktimane, men og frå andre fag. Viktig å øve elevane på å frigjere seg frå teksten. Mange ligg svært nær originalteksten.
2a	Første langvarsoppgåve. Mange skreiv denne. Stort sett gode tilbakemeldingar frå sensorane. Nokre få meinte at det er litt mykje tekst i bestillinga. Fleire gode svar, men ein del har for stort fokus på «belonging when using English». Dei gløymde å samanlikne med morsmålet. Elles kjekt å registrere at elevane er opptekne av å halde på dialekten sin – bra!
2b	Også mange som skreiv denne. Godt likt av sensorane. Sitata må vere med. Ikkje alle var like heldige med å få det til å passe inn. Sensorane har vore rause med å fristille sitata, jf. kommentaren frå førehandssensuren.
2c	Den mest populære oppgåva. Elevar på alle nivå har skrive denne. Godt likt av sensorane, sjølv om mange elevar skriv om mykje det same som i 1A. Skil godt mellom dei som bidreg sjølv, ikkje berre refererer til ein av tekstane.
2d	Ikkje mange som skreiv denne, men dei få var ofte gode. Kanskje ei oppgåve for sterke elevar. Er den for utfordrande? Truleg hadde fleire valt denne viss ikkje begge personane måtte veljast frå førebuingsheftet. Uansett er oppgåva godt likt av mange sensorar fordi den opnar for kreativitet.

### 3.4 Innspel

Det har vore mange gode tilbakemeldingar frå sensorane dei siste åra, både når det gjeld omfang, vanskegrad og type oppgåver. Også elevane har vore nøgde. Short og long answer har «sett seg» og det har vore noko for alle. Greitt med to kortvar og ei lang. Som nemnt tidlegare, er oppgåvetypen med ukjend tekst i 1B ei utfordrande og god oppgåve som me håpar vert ført vidare.

Ingen innspel til vurderingsordninga som alle er nøgde med.

### **3. Førehandssensur**

Viktig at den kjem så tidleg som mogleg slik som i år.

Møtet i Oslo var prega av ei fin ramme, positiv haldningar og gode diskusjonar. Avklarande. Sensorane var godt nøgde med tekstane som vart plukka ut til fellessensuren. Åtte er passeleg.

### **4. Regional skulering**

Dette vert praktisert ulikt rundt om. I vår region har me gode erfaringar med skulering i april/mai. Her vert tekstar frå fjarårets eksamen drøfta. Tekstane frå årets eksamen vert gått gjennom første dagen på fellessensuren, og diskusjonane er nyttig å ta med seg i samordninga dagen etter. Skuleringa er lagt til Loen, noko som er geografisk høveleg. Fylkesmannen svt for gode rammer og kallar i tillegg til sensorane inn reservar. Uvisst kva som skjer no etter samanslåinga mellom Sogn og Fjordane og Hordaland. Det er ønskjeleg med same skulering som no.

### **5. Fellessensur**

Fellessensuren vart halden i Loen 19. og 20. juni. Fylkesmannen var representert med to personar i tillegg til 24 sensorar, inkludert oppmannsgruppa. Karstein Fardal frå fylkesmannen opna sensuren og stod for det formelle og praktiske. Elles vart fellessensuren leia av oppmannsgruppa. Tilbakemeldinga var positiv. Godt organisert, utfordrande tekstar og nyttige diskusjonar. Sensorane starta samordninga rundt kl.08.15. Kvar av sensorpara skulle levere inn minst to eksamenssvar i tillegg til grensetilfelle 2/1. Sjølve gjennomføringa gjekk veldig greitt. Gruppene sendte inn høveleg mange tekstar til oppmannsgruppa, om lag 60, og tilpassa seg sjølve etter kvart. Fellessensuren vart avslutta rundt kl. 16.00.

#### **Førebelts karakterstatistikk**

Talet på elevar	Karakter 1	Karakter 2	Karakter 3	Karakter 4	Karakter 5	Karakter 6	Snitt
1565	2,56	12,97	29,78	32,33	17,25	5,11	3,64

### **6. Generell tilbakemelding til Udir:**

Det meste har fungert optimalt. Opplevinga av eksamen og sensuren 2018 har vore interessant, inspirerande og lærerik.

Oppmannsrapporten er viktig for videreutvikling av eksamen! Send den til

- epost til oppmannens fylkesmann
- [post@udir.no](mailto:post@udir.no)
- e-post til fagansvarlig i udir

Telefon 23 30 12 00  
[www.utdanningsdirektoratet.no](http://www.utdanningsdirektoratet.no)



Utdanningsdirektoratet